

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato	18.12.2023
Vår referanse	2023/36185-14
Dykkar referanse	2023/206-43
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

Fråsegn til planprogram på høyring - detaljregulering - fv. 49 Nordrepollen - Austrepollen - planID 20230001 - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 01.11.23 om høyring av forslag til planprogram for detaljreguleringsplan for fv 49 Nordrepollen – Austrepollen. Planarbeidet gjeld ny vegtrase for fv. 49 mellom Nordrepollen og Austrepollen. Planprogrammet, som byggjer på forprosjekt utarbeidd av Norconsult, føreslår å gjennomføre konsekvensutgreiing for fleire aktuelle alternativ for å auka kunnskapen om desse. Etter at utgreiingsarbeidet er slutført, utarbeidast planforslag for alternativet som etter ei samla vurdering vert plukka ut. Føremålet er i hovudsak i strid med kommuneplanen.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 31.3.23. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing.

Vurdering

Regionale føringar

I samband med oppstart av planarbeid kom vi med innspel til relevante regionale planar for dette planarbeidet. I planprogrammet er planane lista opp. Vi saknar ei vurdering av kva føringar dei regionale planane gjev for dette planarbeidet. Vi vil spesielt trekke fram Regional plan for klima sine retningslinjer for planlegging i Vestland og den regionale planen for kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger med viktige kunnskapsgrunnlag og retningslinjer, som relevante for dette planarbeidet

Planfaglege merknader

Planprogram

I planprogrammet saknar vi eit enkelt oversyn over eksisterande kunnskap på dei ulike fagtema og kva for supplerande fagkunnskap som skal hentast inn eller utarbeidast som grunnlag for konsekvensutgreiinga. I planprogrammet er det ikkje spesifisert om det skal gjennomførast feltarbeid i samband med arbeidet med konsekvensutgreiing. Vi ber om at dette vert gjort tydeleg i planprogrammet.

Medverknad

I planprogrammet er det vist til at det vert lagt til rette for medverknad i tråd med krava i pbl, men vi har også forstått det slik at det har vore informasjonsmøte i oppstartsfasen og føreslår at det også vert informasjonsmøte i det vidare arbeidet med planen.

Strandsone

Vi vil minne om at strandsone og verdiane i strandsona er eit viktig tema som må takast omsyn til i dette planarbeidet. Det planlagde tiltaket ligg delvis innanfor 100-metersbeltet til sjø, i regional plan for kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger er det egne retningslinjer for tiltak i strandsona. Vi vil oppmode til at desse vert brukt i arbeidet med planen.

Landskap

For tema landskap er det i avsnittet om eksisterande situasjon om kjent kunnskap ikkje vist til kunnskapsgrunnlaget som ligg i den regionale planen for kysten av Sunnhordland og ytre Hardanger eller landskapstypekartlegginga for Hordaland. Vi ber om at avsnittet vert oppdatert med eksisterande kunnskap.

I avsnittet om metode for utgreiing er det ikkje vist til metoden i handbok V712 sjølv om det er gjort på dei andre utgreiingstema. Dermed blir det noko uklårt korleis tema landskapsbilete skal greiast ut i konsekvensutgreiinga. Vi meiner at planprogrammet må vise til metoden som er planlagt brukt, i tillegg vil gode illustrasjonar frå relevante ståstadar vere gode hjelpemiddel til å vurdere korleis tiltaka verkar inn på landskapet.

Klima og energi

Retningslinjene til den regionale klimaplanen legg føringar for dette planarbeidet. Vi ber om at dei vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med planen og at dei vert innarbeidd i planprogrammet som ei føring.

Samferdsel

- Omklassifisering, evt. nedlegging av eksisterande veg, må handterast parallelt med reguleringsarbeidet. Sakshandsaminga av omklassifiseringa skjer etter veglova og blir handtert av forvaltningseininga, men må utførast i tett samarbeid med planprosjektet.
- Statkraft har planar om oppgradering av sitt anlegg i Austrepollen. Oppfordrar til dialog med dei direkte.
- Det må tidleg takast stilling til om det er behov for tilrettelegging for syklistar og korleis dei skal ivaretakast.

Kulturminne og kulturmiljø

Viser til vår fråsegn til oppstart av planen datert 31.03.2023 der vi varsla at det var naudsynt med ei synfaring av planområdet for å vurdere om vi ville stille krav om ei arkeologisk registrering jf. kulturminnelova §9. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Krav om arkeologisk registrering

Som omtalt i vår fråsegn av 31.03.2023 er det fleire kjende automatisk freda kulturminne i planområdet. Ut frå potensiale for nye funn frå bronsealder og jernalder i planområdet, finn vi det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planforslaget kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ei føremon for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Etter kulturminnelova § 9, jf. § 10, må kostnadene ved registreringa dekkast av tiltakshavar. Eige brev med nærare opplysningar om den arkeologiske registreringa vert ettersend.

Planprogram

Kapittel 6.2 i planprogrammet omhandlar framdrift i planarbeidet. Det er her sett opp innlevering av reguleringsplan med konsekvensutgreiingar til 1. gongs handsaming hos kommunen i juni 2024. Vi gjer dykk med dette merksame på at dersom Vestland fylkeskommune skal gjennomføre arkeologisk registrering i planområdet før planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn, er dette ein

noko knapp tidsplan. Vi vil også gjere dykk merksame på at kulturminnemyndet etter kulturminnelova §9 kan krevje utvida frist på inntil 3+1 månader for å avklare tilhøvet til automatisk freda kulturminne når planforslaget er på offentleg ettersyn.

Under kapittel 7.1.5, Nasjonale mål og retningslinjer, ber vi om at ein omtalar Stortingsmelding 16, (2019-2020), *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*. I Stortingsmeldinga vert kulturmiljø vektlagt som ein del av berekraftig by- og stadutvikling. Den fastset nye nasjonale mål og ny kulturmiljøpolitikk, der kulturmiljøomgrepet understrekar heilskap og samanheng framfor enkeltobjekt. I tillegg til fornminne og bygningar/bygningsmiljø, er det viktig å få kartlagt og utgreidd til dømes steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne og ulike kulturlandskapstrekk.

I kapittel 7.3, Forholdet til anna lovverk, Kulturminnelova, står det «Undersøkelsesplikten i henhold til § 9 vert ivaretatt gjennom konsekvensutredningen.» Formuleringa er ikkje riktig då det ikkje er konsekvensutgreiinga som ivaretek undersøkingsplikta. Vestland fylkeskommune vurderer undersøkingsplikta jf. kulturminnelova § 9 i samband med planarbeidet. Vi ber om at dette vert erstatta med: «Vestland fylkeskommune vurderer at det er naudsynt med ei arkeologisk registrering jf. kulturminnelova § 9 i samband med planarbeidet.»

Tema kulturarv er omtalt under avsnitt 11.3. Det er ikkje skildra kva type kulturminne som er i plan- og influensområdet, berre tidlegare verdivurderingar av dei ulike kulturmiljøa. Bjødlurebasen (id. 262976) må inkluderast i konsekvensutgreiinga. Kulturminna i plan- og influensområdet må omtalast i planprogrammet.

Planprogrammet må i tillegg omtale kva kjelder ein har tenkt å nytte, at konsekvensutgreiinga skal utarbeidast av fagkyndig og at det skal utarbeidast 3D illustrasjonar av korleis tiltaket vil påverke kulturmiljøa. Synlegheitskart bør vurderast. Utgreiar må synfare kulturmiljøa i influensområdet i tilstrekkeleg grad.

Areal i sjø

Då planforslaget omfattar areal i sjø, har saka vore til vurdering hos Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027, godkjent av Klima- og miljødepartementet, skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og PBL § 8-2. Dette er spelt inn i samband med varsel om oppstart datert 31.03.2023, men er fråverande i kap. 7.1.4 i planprogrammet og må rettast opp. Vassforskrifta er nemnd under kap. 7.3 i planprogrammet, men det generelle inntrykket er at vassmiljø er lite vektlagt.

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta og viser til innspel om vassforvaltning i samband med oppstartsmeldinga i sin heilheit.

Det går fram av kap. 11.2 Naturmangfald at det skal utførast kartlegging i sjø som grunnlag for KU. Her vil fylkeskommunen understreke at vassmiljø skal vere det av vurderinga av verknader på miljø og samfunn, og utgreiinga skal klårgjere behov for avbøtande tiltak, jf. PBL § 4-2 og Forskrift om konsekvensutgreiing § 21.

Fylkeskommunen vil understreke at vassforskrifta § 4 ikkje tillèt at nye byggjetiltak forringer vassmiljøet eller set miljømåla i risiko. Då må ein eventuelt vurdere om § 12 i vassforskrifta gjer seg gjeldande.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planprogrammet for fv 49 Nordrepollen – Austrepollen. Vi ber om at innspela som gjeld endringa av planprogrammet blir innarbeidd før planprogrammet blir fastsett.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	----------------------------	------	-----------

Intern sakshandsamarliste

Kari Bjørndal	NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv
Heidi Joki	KFO - Arealplan
Guri Finne Sognnæs	INV - Forvaltning Vestland